
Fra: gullborg kolstad <guko@broadpark.no>
Sendt: 23. november 2015 17:03
Til: Postmottak Meland
Emne: Sagstad skulekorps

Spørsmål til Ordfører til spørretimen : Den 11. februar 2015 sendte vi i styret i Sagstad skulekorps eit brev til Meland kommune. I det brevet søkte vi om å få auka opp stillingsstorleiken til dirigenten vår til 30%. Det vi har fått innvilga er ein auke frå 10.3 til 15 %. Til orientering har Rosslund skulekorps 30%. Denne forskjellen har vart i mange år. Vi i Sagstad skulekorps har 21 musikantar i hovudkorpset og 18 aspirantar. Å drive korps er ressurskrevjande. Vi håpar ordfører og dei andre politikarane i Meland kommune ser på dette arbeidet for born og unge i Frekhaugbygda som viktig.

Vi ønskjer svar på om dette er ei sak som det blir jobba med .
Med helsing Styret i Sagstad skulekorps v/ Gullborg Kolstad